

Trusopplæring er viktig fordi dåp og opplæring høyrer saman.

Det er foreldre og fadrar, saman med kyrkja,  
som har dette ansvaret.

Stortinget har vedteke ei trusopplæringsreform  
(St.meld. 7, 2002/2003) for alle døypte og tilhøyrande born i  
Den norske Kyrkja. Tilhøyrande tyder at minst ein av foreldra  
er medlem i kyrkja. Dette inneber ein **T**-dag kvart år med ulike  
tema tilpassa alder.

Like naturleg som å bera born til dåpen  
skal det vera å koma på **T**-dagar.


Velkomen til

## Borna sin påskefest

I Vangskyrkja  
sundag 28. april  
Kl. 09:30-12:00

 Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80  
e-post: [t-dagane.voss@kyrkja.no](mailto:t-dagane.voss@kyrkja.no),

[www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)  "Trusopplæringa i Voss"  
Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk:  
trusopplæring)




STØRST AV ALT  
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA



STØRST AV ALT  
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

T7





Velkomen til T<sub>7</sub>-dag og  
Borna sin påskefest

Du som er 7 år (fødd 2012) er invitert til  
trusoplæringsdag i Vangskyrkja  
sundag 28. april kl. 09:30-12:00.

T<sub>7</sub>-dagen er ei påskevandring der me fortel, syng,  
smakar og leikar oss igjennom påskehøgtida. Me skal  
òg laga noko de kan ta med heim.

Gudstenesta er Påskefestgudsteneste i lag med heile  
kyrkjelyden.

### Program

Kl. 09:30

Velkomen til påskevandring

Kl. 11:00

Gudsteneste der me tek del

Slutt etter gudstenesta, men me  
har kyrkjekaffi til alle som vil  
vera med på det.

Denne T-dagen er for sjuåringen saman med ein vaksen.

Her er ein av songane me skal synga:

På Golgata stod det ein kross,  
Jesus døydde på krossen.  
I hagen var det ei grav,  
Jesus låg i den grava.

∴ Men krossen er tom og grava er tom,  
Jesus stod opp og han lever. ∴

Gje beskjed:

- om barnet treng spesiell tilrettelegging
- om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
- om det er greitt at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett, kyrkjenytt e.l.

**Påmelding innan torsdag 25. april**

til Camilla Velsvik 995 18 194.

